

Nynorsk

i skolane og i lærarutdanninga

6. seminar for lærarar, skoleleiarar, lærarutdannarar og andre interesserte

Fredag 28. september 2018, kl. 10.00-15.00

Høgskolen i Innlandet, studiestad Hamar, auditorium 3

Program:

	(kaffi/te)
10.00-10.05	Velkommen v/ Jens Haugan
10.05-10.25 + diskusjon	Jens Haugan (dosent, Høgskolen i Innlandet, leiar i Hamar dialekt- og mållag): "Oppvekst med nynorsk som sidemål - må det vere så vanskeleg? Nokre teoretiske tilnærmingar"
10.35-10.55 + diskusjon	Kjetil Aasen (seniorrådgjevar, Språkrådet): "Oppvekst med nynorsk som hovudmål – kva hindrar nynorskelevar i å vera nynorskelevar? Hol og lyte i regelverket for skule og barnehage"
11.05-11.20	Pause
11.20-11.40 + diskusjon	Siri Wathne Grøndahl (adjunkt, Furnes ungdomsskole): "Nynorsk i oppveksten: Ungdomsskuleåra"
11.50-12.10 + diskusjon	Mari Nilsen Skogsrud (høgskolelektor, Høgskolen i Innlandet) "Frå Hårek til Olav Sleggja: Teikneseriar på nynorsk i litteraturundervisinga"
12.20-12.50	Lunsjpause (enkel servering (påsmurd mat + kaffi/te)) – elles er også kantina open
12.50-13.10 + diskusjon	Liv Astrid Skåre Langnes (høgskulelektor, Nynorsksenteret): "Når skrift og bilete samarbeider - bruk av teikneseriar i norskfaget"
13.20-13.40 + diskusjon	Anne Marta Vinsrygg Vadstein (høgskulelektor, Nynorsksenteret): "Nynorsk nettavis, naturlegvis – Å bruke framtidajunior.no som utgangspunkt for skriving på 5.-7. trinn"
13.50-14.00	Pause (kaffi/te, noko søtt)
14.00-14.20 + diskusjon	Ole Ivar Burås Storø (informasjonsansvarleg og prosjektleiar for Tid for ti og tXt-aksjonen, Foreningen !les): "Vi vil inn i boka for å hjelpe Arne. Erfaringar frå den nynorske leseaksjonen Tid for ti på 7. trinn"
14.30-14.50 + diskusjon (5)	Troels Posselt (pedagog og prosjektleiar for Bokslukerprisen og Leseskogen, Foreningen !les): "Å utvikle et språk for å snakke om leseopplevelser"
14.55-15.00	Avslutting v/Jens Haugan

Seminaret er gratis, men vi ber likevel om bindande påmelding sidan vi har tenkt å servere ein enkel lunsj.

Arrangørar: Høgskolen i Innlandet, Hamar dialekt- og mållag
Kontakt/påmelding: Jens Haugan, jens.haugan@inn.no, tlf. 911 95 432

www.jenshaugan.com/nynorskseminaret

Nynorskseminaret: Nynorsk i skolane og i lærarutdanninga

6. seminar for studentar, lærarar, skoleleiarar, lærarutdannarar og andre interesserte

Fredag 28. september 2018, kl. 10-15, Høgskolen i Innlandet, studiestad Hamar, auditorium 3

Det er ei stor glede å kunne invitere til det sjette nynorskseminaret på Hamar. Nynorskseminaret har som mål å presentere både forskning, undervisningsopplegg, tips om litteratur og konkrete erfaringar frå praksisfeltet frå dei ulike skoleslaga og frå lærarutdanninga.

Seminaret rettar seg mot studentar, lærarar, skoleleiarar, lærarutdannarar og andre interesserte. Det vil vere 10 minutt til open diskusjon og dialog etter kvart føredrag.

Så langt har det vore eitt seminar om våren og eitt om hausten. Mens vårseminaret er meir ope når det gjeld tema, er haustseminaret knytt til det aktuelle temaet til dei nasjonale forskningsdagane, som i 2018 har temaet «oppvekst». Nynorskseminaret er derfor hovudsakleg retta inn mot «oppvekst med nynorsk».

Seminaret er gratis, men vi ber likevel om bindande påmelding sidan vi har tenkt å servere ein enkel lunsj. Kontakt/påmelding: Jens Haugan, jens.haugan@inn.no, tlf. 911 95 432

Neste seminar (nr. 7) blir truleg 26. april 2019.

Ta kontakt dersom du kan tenkje deg å bidra med eit innlegg på det neste nynorskseminaret!

Informasjon om føredraga på nynorskseminaret 28.09.2018:

Jens Haugan frå Høgskolen i Innlandet vil ta utgangspunkt i dei teoretiske tilnærmingane til bl.a. Norton (2013) og Dörnyei (2009) og sjå på omgrep som motivasjon, investering, maktforhold, sosial verd og førestilt språkleg identitet, som kan brukast for å forstå korfor det kan vere vanskeleg å lære nynorsk som eit sidemål i skolen. Samfunnet og den sosiale verda representerer maktfaktorar som ikkje fremjar motivasjon for å lære nynorsk. Dette resulterer i eit minimum av investeringslyst hos elevane eller studentane. Dei same faktorane fører også til at ein ikkje ønskjer å førestille seg ein annan språkleg identitet, som gjerne er ein suksessfaktor når det gjeld å lære språk.

Kjell Aasen frå Språkrådet kjem til å sjå over gjeldande regelverk, opplæringslova og barnehagelova m.m., og identifisere kva delar av regelverket som i dag står i vegen for å sikre at det er enkelt for elevar med nynorsk som hovudmål å halde på nynorsken. Han vil dessutan skissere framlegg som kan gjere regelverket betre på desse punkta. Dette er særleg aktuelt i samband med arbeidet til det regjeringsoppnemnde utvalet som hausten 2019 skal levere framlegg til ny opplæringslov.

Siri Wathne Grøndahl frå Furnes ungdomsskole i Ringsaker, Hedmark, vil dele erfaringar frå klasserommet og ungdomsskoleåra til elevane med nynorsk som sidemål.

Mari Nilsen Skogsrud frå Høgskolen i Innlandet vil prate om teikneseriar i litteraturundervisninga i den vidaregåande skolen. Ho vil presentere eit utval teikneseriar for eldre lesarar (*Soga om Olav Sleggja* og *Futen* av Øystein Runde samt *Episke amputasjonar* av Steffen Kverneland). Tekstutvalet blir brukt for å belyse korleis teikneseriar på nynorsk kan brukast i mange ulike norskfaglege samanhengar, og korleis teikneseriemediet kan vere relevant i arbeid med fleire forskjellige kompetansemål i norskfaget. Fokuset kjem spesielt til å vere på korleis arbeid med nynorsk kan verke motiverande for elevane når dei møter nynorsk i tekstar som dei synest er spennande og interessante.

Liv Astrid Skåre Langnes frå Nynorsksenteret vil prate om korleis skrift og bilete samarbeider i teikneseriar.

Anne Marta Vinsrygg Vadstein frå Nynorsksenteret vil prate om korleis den nynorske nettavisa framtidajunior.no kan brukast som utgangspunkt for skriving på 5.-7. trinn.

Ole Ivar Burås Storø frå Foreningen lles vil dele erfaringar frå den nynorske leseaksjonen Tid for ti på 7. trinn.

Troels Posselt frå Foreningen lles vil prate om korleis ein lagar lærarrettleiingar til prosjekt som bl.a. skal leggje til rette for gode litterære samtalar der elevane får støtte til å formulere leseopplevingane sine.